Oslo 7. oktober 2026

# PRESSEMELDING – REGJERINGENS FORSLAG TIL STATSBUDSJETT

Den 7. oktober la Støre-regjeringen frem sitt forslag til statsbudsjett 2027.

Igjen ser vi eit anemisk budsjett utan dei store visjonane for kunstfeltet og kunstnarane som lager kunsten dei store institusjonane viser frem og «høster». Dette er forstemmende når vi veit at "Det frie kunst- og kulturfeltet regnes" som eit område med "særleg prioritet" i 2027 (s. 12, prop 1 S, Kultur og likestillingsdepartementet).

Unge Kunstneres Samfund er svært bekymra for situasjonen i det frie feltet. Vi er utruleg glade for at Kunstnernes Hus omsider har fått støtte fra staten til sikring av bygget. Samtidig er dei eit døme på kva som skjer når noko ikkje vedlikehaldes over tid. Det usexy arbeidet med å styrke heile den underfinansierte bunnlinja krever langsiktigheit, og kan ikkje erstattes av strakstiltak i siste liten.

Å vere kunstner er eit yrke. I stortingsmelding 22. Kunstnarkår (2022-2023) har dette poenget sunke inn på retorisk nivå, men vi må sjå det gjenspegla i prioriteringar i statsbudsjettet (ellers kjent som handling). Ein må kunne verte og vere kunstnar uavhengig av arv og klassebakgrunn. Samtidig vises det til det trøttsommelege at billedkunstnarar tener mykje mindre enn dei andre kunstnargruppene samtidig som vi er svært utsatte for hatytringar.

NÅLYS - irrlys
Unge Kunstneres Samfund er glade for at regjeringa ser behovet for å auke midlane i potten for stipend til uetablerte kunstnarar i tråd med våre innspill i høringa om ny SKS forskrift. Vi meiner ei styrking er heilt nødvendig, særlig siden regjeringen i den nye forskriften for arbeidsstipendene har radikalt utvida kven som kan søke denne ordningen. Postitivt: mange kunstnarar som har funne vegen til billedkunsten og som kommer fra tradisjonar for visuell kunst som ikkje har fulgt institusjonsruta, kan få etableringsstøtte. Likevel er det eit dilemma når breidde er det einaste formålet her samtidig som stipendet som var søkbart for kunststudentar er effektivisert vekk. Vi ser at billedkunstnarane har spesielt store etableringsutfordringar og dette blir oversett av den nye forskrifta og regjeringens budsjettforslag. UKS meiner dei yngste kunstnarane her blir ofra på breiddealteret.

UKS er glade for at regjeringa ser treffsikkerheita i Statens kunstnerstipend. At dei anerkjenner behovet for å styrke antallet hjemler og justere opp beløpa er bra, men det foreslåtte budsjettet går berre ein liten veg i å nærme seg det reelle behovet. UKS meiner, og har spelt inn, at det trengs betydelig mange fleire heimlar til billedkunstnarar aleine, for å begynne å nærme seg det faktiske behovet og antallet søkere. Staten utdanner kunstnere kvart år, alt for mange kvalifiserte søkere får avslag på søknaden sin, tildelingsprosenten er berre på litt over 5 % når ein ser vekk fra stipenda for nyetablerte og diversestipendet. Svært mange kvalifiserte søkarar får avslag kvart år, medan trykket på ordninga aukar. Dette må staten som utdannar kunstnarar til fattigdom, ta på alvor.

Den manglende langsiktigheita er mellom dei største hindra for mangfaldig rekruttering i feltet vårt. Og skulle du sett, eit "mangfaldig kunstliv" og eit "levande fritt felt" er mellom sakene Kulturdepartementet sjølve spesielt løfta fram i introduksjonene til sine kapitler i forslag til Statsbudsjettet 2027!

KAN NÅR DEI VIL

Det er oppløftande å sjå at regjeringa kan når den vil, så hjartleg gratulerer til film- og dansefeltet med styrka ordningar. Likevel må UKS konkludere med at visuell kunst kommer til å fortsette å vere eit lavtlønnsyrke som er utilgjengelig for mange med regjeringens politikk. Dei øremerka honorarmidla til arbeid med utstillingar for kunstnarar, som nå blir overført til driftsbudsjetta, står i fare for å usynliggjerast og forsvinne heilt. I tillegg er ordninga kutta med 4. 2 mill. Dette minner om slett arbeid i land som Nederland, der avtaler om rimlig betaling har kollapsa fordi dei ikkje følges opp med friske midler. Dette er ekstra sårbart når kunstnara merker seg ein nedgang i utstillingsmuligheter.

I Norge har vi hatt ein sterk infrastruktur for kunsten, skal vi fortsette å ha eit levande kunstliv i heile landet med kunstnarar i verdsklasse må den vedlikehaldes.

UKS VIL HA

- eit langsiktig og heilskapleg vedlikehold og styrking av det frie feltet
- fleire stipendhjemler
- eit styrka norsk kulturfond
- betalt for arbeid med utstillingar

- fleire utstillingsmuligheiter: støtt dei små-, kunstnerstyrte- og mellomstore visningsroma mykje meir
- auka bruk av kunst
- kunst inn i grunnutdanninga!
- gode etableringsvilkår for unge billedkunstnarar

Å vere kunstnar er eit yrke. Den manglande langsiktigheita hindrer rekruttering i feltet. Dei med komplekse bakgrunner faller fra og vi får eit fattigare, meir nærsynt og einsformig kunstliv.

Den sittande regjeringa er ei mindretallsregjering og skal framover gå i samtalar med stort og smått på stortinget. UKS, og andre kunstnerorganisasjoner deltek med skriftlige responser og møter for familie og kulturkomiteen på stortinget.

Beste helsing,

Ragnhild Aamås,



styreleder,

Unge Kunstneres Samfund

Unge Kunstneres Samfund (UKS) blei stifta av kunstnere for kunstnere i 1921, og er ein pådrivar for å bedre kunstnernes faglige, sosiale, økonomiske og ideelle interesser. Dette gjer vi med to horn: vi er ein landsdekkande fagorganisasjon for profesjonelle kunstnarar og ein visningsstad for samtidskunst i Oslo. UKS har rundt 600 medlemmer og er ein av dei største fagorganisasjonene tilknytta Norske Billedkunstnere (NBK). Prinsippet som ligger til grunn for UKS' fagpolitiske arbeid er at kunst og kunstnerisk ytringsfrihet er ei grunnsøyle i eit demokratisk samfunn og kunst er ein grunnleggande menneskeleg aktivitet.